

Årsplan Ulvik barnehage 2025-2026



Velkommen til Ulvik barnehage

Barnehagen ligg på Lekve, ca. to km. frå Ulvik sentrum. Me har stort og flott uteområde, og tilgang til eit fantastisk nærmiljø der me kan få både gode natur- og kulturopplevingar.

Barnehagen har fire avdelingar, med til saman rundt 45 barn i år. Avdelingane i barnehagen heiter Kvasshovden, Vassfjøro, Kristinuten og Midtfjell. I tillegg har barnehagen ein modul som heiter Onen, som vert brukt til bibliotek, grupperom, møterom og eventuelt avlastning for avdelingane.

Me er i år 16 tilsette, nokre arbeidar deltid.

Ulvik herad er ein heilskap, og barnehagen er ein viktig del av denne. Barnehagen skal tilby dei yngste innbyggjarane ein god samspelets- og utviklingsarena.

Barnehagen vert også ein viktig møteplass for foreldra, og me har eit aktivt Samarbeidsutval og Foreldreråd.

Det faglege nivået i barnehagen skal vera høgt, og me arbeidar for at personalet får utvikla og byggja på den faglege kompetansen sin.

Barnehagen og for tida styrar er med i samarbeidet Hardanger/Voss kompetanseregion, som driv med gjennomføring av vurdering og kompetanseheving. Dette skal vera med på å sikre kvaliteten på barnehagetilbodet.

Tlf: KONTOR STYRAR	40007140
Tlf: KVASSHOVDEN	40007194
Tlf: VASSFJØRO	40007195
Tlf: KRISTINUTEN	40007123
Tlf: MIDTFJELL	40007165



Ansatte 2025/2026

Styrar:	Sonja Haugland	100%
Merkantil:	Signe Rondestveit	20%
Midtfjell: Barn født i 2023,2024 og 2025	Edel-Kristin Erdal Halima Younes Alrashid Isabella Gillholm	100% Pedagogisk leiar 100% Assistent 100% Assistent
Kristinuten: Barn født i 2023 og 2024	Linn Løvtangen Skeie Caroline Mackay Freim Kari Margrete Ulgenes Hanna Dotsiuk	100% Pedagogisk leiar, Spesialpedagog ved behov 100% Assistent 60% Fagarbeidar 40% Assistent
Vassfjørø: Barn født i 2021,2022 og 2023	Oleksandra Chernova Martine Tveterås June Nyløy Espelid	100% Pedagogisk leiar 100% Fagarbeidar 100% Assistent
Kvasshovden: Barn født i 2020, 2021 og 2022	Ida Opedal Tonje Vaagø Erdal Jørn Kurt Bergo Kjersti Billdal Syse Hanna Dotsiuk	80% Pedagogisk leiar 100% Fagarbeidar/Ressurs 100% Assistent 60% Assistent 60% Assistent

Dagsrytme

**07.15 opnar for barn som har meldt om behov for tidleg start.
(skriftleg avtale*)**

07.30 Alle avdelingane opnar

Fri leik, rolege aktivitetar

08.30 – 09.00 Frukost

10.00 Samling, grupper, tur, leik ute/inne

11.30 – 12.00 Måltid på Kristinuten og Midtfjell

12.00 – 12.30 Måltid på Vassfjøro og Kvasshovden

12.30 – 14.00 Leik ute/inne. Kvile for dei yngste

14.30 Fruktstund

14.45 Leik ute/inne

16.30 Barnehagen stengjer (16.15 for dei med avtale*)

Kjernetida er mellom 10.00-14.00. Barna må vera komne i barnehagen til kl.10.00 eller gje beskjed til barnehagen om ein kjem seinare. Er ikkje barna kome til kl.10.00 og det ikkje har kome beskjed, vert barna registrert som ikkje møtt.

***Tidleg tidleg avtale er ein avtale om oppholdstid mellom kl.7.15 og 16.15. Det betyr at borna må vera henta innan kl.16.15 kvar dag uavhengig om bornet er levert kl.7.15.**



Barnehagen er det første steget i utdanningssystemet. Gjennom barnehagelova og rammeplanen er barnehagane tillagt eit viktig pedagogisk samfunnsoppdrag. Barnehagen sin kvalitet er knytt til arbeidet med barna si utvikling, livslange læring og aktive deltaking.



Pedagogisk innhald

(Barnehagelova §1)

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap.

Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

Dei 7 fagområda i rammeplanen

Barnehagen sin arbeidsmåte er i stor grad tverrfagleg. Fagområda vil difor sjeldan opptre isolert. Dei vil vera vevd saman med kvarandre i glidande overgangar.

Dei ulike fagområda i barnehagen er:

Kommunikasjon, språk og tekst

Kropp, rørsle, mat og helse

Kunst, kultur og kreativitet

Natur, miljø og teknologi

Mengd, rom og form

Etikk, religion og filosofi

Nærmiljø og samfunn

Fokusområde

2025/2026:

- Leik

- Kropp, rørsle, mat og helse

- Kunst, kultur og kreativitet

HOVUDMÅL: BARNEHAGEN – EIN PLASS DER ALLE TRIVAST

Delmål:

Me skal jobba for at:

- alle vert sett og høyrt
- alle får utfordringar og opplever meistring
- alle kjenner tryggleik, respekt og likeverd
- alle får ha medverknad på eigen kvardag
- glede og humor pregar kvardagen
- alle skal vera høflege, imøtekomande og visa respekt for kvarandre.



Visjon – full av lyst

Ulvik herad har jobba fram ein visjon der kommunedirektør, einingsleiar, tillitsvalde og politikarar har vore aktive medspelarar. Visjonen er biletet av verksemda si framtid som me ynskjer å skapa saman. Barnehagen har i denne samanheng utarbeidd hovudmål og delmål for si eining, og dei skal gjelda for barn og vaksne.



Retningslinjer ved sjukdom:

Feber: Barn med feber skal vera heime frå barnehagen. Har dei fått febernedsetjande/smertelindrande medisin reknast dei likevel som sjuke, og skal ikkje i barnehagen. Etter fleire dagars sjukdom bør barnet få ein feberfri dag heime før dei kjem i barnehagen.

Omgangssjuke: Barn med oppkast/diaré **skal** haldast heime i **48 timer** etter at dei er symptomfri.

Lus: Barnet kan gå i barnehagen etter at behandling er påbegynt.

Reglar for annan sjukdom finn de på heimesidene til Ulvik Herad.

Kjelde: Retningslinjer barns sjukdom, ulvikherad.no

Private leiker

I Ulvik barnehage ynskjer me ikkje at barna skal ha med seg private leiker/ting i barnehagen. Det er med på å synlegjera forskjeller og å stengje ute barn. Unntaket er på småbarnsavdelinger der barna sjølv sagt kan ha med seg kosebamse.



Soving

Dei barna som skal sova i barnehagen må ha med eigen sovevogn. Etter fagleg vurdering anbefale me minimum ein time på dei barna som skal sova.

Klede til barna

I garderoben har barna kvar sin kasse til skifteklede.

Her ynskje me at det **til ei kvar** tid skal liggja: Truser og sokker, strømpebukser, bukser og gensarar

Til haust og vinter:

Varme klede, votter, hua og hals

Sommar:

Solkrem, solhatt/caps og lettare klede

Nb: Hugs å smørja borna med solkrem før dei kjem i barnehagen.

Det er også viktig med gode sko i barnehagen:

Joggesko, innesko, støvlar og vintersko

- Hugs å ta med skitne klede heim for vask.
- Sjekk igjennom korgene og pass på at det er nok skifteklede. Det er foreldra sitt ansvar ☺

Hugs å merka kle og sko med navnet til barna!
Dette gjeld og brukt utstyr.

Bursdagsfeiring

I Ulvik barnehage feirer me kvart enkelt barn sin bursdag. Me lagar krune til dei, og har bursdagssamlingstund.

Det er noko ulik praksis på avdelingane. Nokre har bursdagsdisko og nokon har eige fruktfat til bursdagsbarnet. Vårt felles fokus på alle avdelingane er at barnet er i fokus og målet er at barnet skal ha ein fin bursdag i barnehagen.

Barnehagen sine samarbeidspartar



Konsultasjonsteam Voss:

Konsultasjonsteamet er ei samling av erfarte fagfolk frå fleire etatar, kor du som uroar deg, eller går med ei ubehageleg kjensle på vegne av eit barn, kan komme og få diskutert saka anonymt. Dei gjev konkrete råd og rettleiing. *Tlf: 48014559/47762892*

Redusert foreldrebetaling:

Ein kan søka om redusert foreldrebetaling. Meir info finn ein på heradet sine heimesider.

Foreldra:

Foreldra er viktige støttespelarar for barnehagen. Det grunnlaget som heimen gjev barna, vil barna prøva ut og vidareutvikla i barnehagen. Grunnlaget vil bli utvida, barna vil oppleva nye ting og utvikla nye relasjonar. Det er difor viktig, og sjølvsagt, å ha eit aktivt foreldresamarbeid. Me ynskjer å skapa eit godt og ope klima der foreldra er trygge på at barna deira vert teken godt vare på, og det vert lagt til rette for eit godt leike- og læringsmiljø og gode opplevelingar.

Det er viktig å ha ein open og god dialog mellom foreldra og personalet.

For å oppnå dette har me:

- God dialog ved bringing og henting
- Foreldresamtalar (tilbod 2 gonger i året og etter ynskje)
- Foreldremøte (1-2 gonger i året)
- Samarbeidsutval/FAU (sjå meir info på neste side)
- Årsplan, fagplan og vekeplan/månadsplan
- Dokumentasjon gjennom bilet og tekst
- Brukarundersøkingar
- Arrangement som sommarfesten der FAU er ansvarleg
- **FAU oppmodar alle foreldre til å visa skjønn når ein inviterar til bursdagsselskap, slik at ingen born vert ekskludert. FAU oppmodar også til at alle invitasjonar vert levert privat og ikkje i barnehagen.**



Barnehageteam:

Barnehageteam er eit tverrfagleg fora i barnehagen. Teamet drøftar problemstillingar som oppstår i barnehagen, i grupper og enkeltsaker. Alle profesjonane i teamet har ein rådgivande funksjon. Teamet tilbyr tverrfagleg rettleiing og fordeler ansvar og oppgåver.

Barnehagen eller føresette kan melde saker inn til teamet. I enkeltsaker skal det innhentast samtykke frå føresette.

Føresette vel om dei vil delta eller ikkje. Saker kan også drøftast anonymt.

Teamet er samansatt av representantar frå barnehage, helsejukepleiar, PPT, barnevernstenesta og fysioterapeaut.

Andre:

Barnehagen har også desse samarbeidspartnerane: helsejukepleiar, fysioterapeut pedagogisk psykologisk tenestekontor (PPT), BUP, logoped, BTI, spesialpedagog, Hardanger/Voss kompetansesenter og barnevernstenesta. Foreldra kan sjølve ta kontakt med PPT og spesialpedagog ved bekymring og spørsmål. Barnehagen har også eit samarbeid med CittaSlow.

Kapittel VIII Psykososialt barnehagemiljø



Kapittel VIII i barnehagelova, som omhandlar det psykososiale barnehagemiljø, gjer barnehagane ein lovpålagt plikt til å sikra at alle barn har eit trygt og godt miljø. Dette inkluderar nulltoleranse mot krenkingar som utesettenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Ansatte har ein plikt til å gripe inn og meld a dersom dei får mistanke om, eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt miljø

§ 41. Nulltoleranse og forebyggende arbeid

Barnehagen skal ikke godta krenkelser som for eksempel utesettenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal forebygge tilfeller hvor barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø ved å arbeide kontinuerlig for å fremme helsen, trivselen, leken og læringen til barna.

§ 43. Skjerpet aktivitetsplikt dersom en som arbeider i barnehagen, krenker et barn

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, krenker et barn med for eksempel utesettenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks melde fra til barnehagens styrer. Styreren skal melde fra til barnehageeieren.

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at styreren i barnehagen krenker et barn med for eksempel utesettenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende melde fra til barnehageeieren direkte.

§ 42. Plikt til å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø (aktivitetsplikt)

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på hvordan barna i barnehagen har det.

Alle som arbeider i barnehagen, skal melde fra til barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styreren skal melde fra til barnehageeieren i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken.

Når et barn eller foreldrene sier at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen undersøke saken og så langt det finnes egnede tiltak, sørge for at barnet får et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når en undersøkelse som barnehagen selv har satt i gang, viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Tiltakene skal velges på grunnlag av en konkret og faglig vurdering. Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a.hvilke problemer tiltakene skal løse
- b.hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c.når tiltakene skal gjennomføres
- d.hvem som skal gjennomføre tiltakene
- e.når tiltakene skal evalueres.

SAMARBEID MED SPIRA

Spira-barne og familieeininger:

Spira er ei ny etablert eining i Ulvik herad. Tenesteområda inkluderar helsestasjon- og skulehelseteneste, kommunepsykolog, barnevern, logopedi, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), familierettleiar og barnekoordinator.

Pedagogisk psykologisk teneste:

PPT Ulvik har ansvar for følgjande fagområde: PP-tenester, logopedi og systemarbeid.

Tenesta skal hjelpe barnehagen og skulen i arbeidet med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling. Føremål er å leggja betre til rette for barn og elevar med særskilde behov. PP-tenesta skal sørge for at det blir utarbeida sakkunnig vurdering der lova krev det.



Meir om dei andre tenestene finn
ein på Ulvik.kommune.no

§ 46. Opplysningsplikt til barnevernet

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal i sitt arbeid være oppmerksom på forhold som kan føre til tiltak fra barnevernstjenesten.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, skal uten hinder av taushetsplikt melde fra til barnevernstjenesten uten ugrunnet opphold

A. når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli mishandlet, utsatt for alvorlige mangler ved den daglige omsorgen eller annen alvorlig omsorgssvikt,


B. når det er grunn til å tro at et barn har en livstruende eller annen alvorlig sykdom eller skade og ikke kommer til undersøkelse eller behandling,

C. når det er grunn til å tro at et barn med nedsatt funksjonsevne eller et spesielt hjelpetrengende barn ikke får dekket sitt særlige behov for behandling eller opplæring,

D. når det er grunn til å tro at et barn blir eller vil bli utnyttet til menneskehandel.

Enhver som utfører tjeneste eller arbeid etter denne loven, plikter også å gi opplysninger etter pålegg i samsvar med barnevernsloven § 13-4.

Barnehagelova



FAU OG SU



FAU

I det fyrste foreldremøte i august/september vel foreldra ein representant og ein vara frå kvar avdeling. Desse vert foreldra sin representant som tek imot innspel frå dei andre foreldra i avdelinga. Dette barnehageåret vert det fire foreldrerepresentantar. Av desse skal det veljast ein representant frå storbarnsavdeling og ein representant frå småbarnsavdeling. Desse to representantane vert med i samarbeidsutvalet og fungera som leiar og nestleiar.

Det er eit mål at det er lik kjønnsfordeling av foreldrerepresentantane. Til dømes; vel ein ei kvinne til representant, bør ein velja ein mann til vara. Likeins bør kjønnsfordelinga vera lik for dei to representantane som skal sitja i samarbeidsutvalet. Det er særsviktig at kvar einskild representant sjølv kallar inn vara dersom dei ikkje kan møta.

Også dei foreldre som ikkje er tilstades på foreldremøtet der desse vala skal gjerast, kan likevel verte valde.

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutvalg

For å sikra samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval.

Foreldrerådet består av foreldra til alle barna.

Foreldrerådet skal fremja foreldras fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø. Er det i forskrift etter § 20 satt ein maksimalgrense for foreldrebetaling, kan berre foreldrerådet samtykka til foreldrebetaling utøver dette.

Samarbeidsutvalet skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Samarbeidsutvalet består av foreldre og ansatte i barnehagen, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ynskje, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene.

Barnehageeigar skal sørga for at saker av viktigkeit forelegges foreldrerådet og samarbeidsutvalet.

Endret ved lov 19 juni 2020 nr. 91 (ikr. 1 jan 2021 iflg. res. 11 des 2020 nr. 2710).

Barnehagelova: Kapittel II. Foreldremedvirkning

Barnehagen som pedagogisk verksemd

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemd som skal planleggjast og vurderast. Barn og foreldre har rett til å medverke i desse prosessane. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd, er å gje barna et tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplanen. For å oppnå dette skal barnehagen vere ein lærande organisasjon, og det pedagogiske arbeidet skal vera grunngjeve i barnehagelova og rammeplanen.

Planlegging gjer personalet grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Planlegginga skal bidra til kontinuitet og prosesjon for enkeltbarn og barnegruppa. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen og skal vere utgangspunkt for refleksjon og utvikling av verksemda.

Rammeplanen s.37

Den pedagogisk leiaren er gitt ansvaret for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet i tråd med godt faglig skjønn. Den pedagogiske leiaren skal rettleie og sørge for at barnehagelova og rammeplanen blir oppfylte gjennom det pedagogiske arbeidet.

Den pedagogiske leiaren leier arbeidet med å planleggje, gjennomføre dokumentere, vurdere og utvikle arbeidet i barnegruppa eller innanfor dei områda han/ho er sett til å leie.

Rammeplanen s.16



Plantid

Minst 4 timer i gjennomsnitt pr. veka av den ordinære arbeidstida skal anvendast til planlegging, før- og etterarbeid for pedagogiske leiarar/barnehagelærarar. Organiseringa av denne tida vert fastsett i samråd med det pedagogiske personalet.

I Ulvik barnehage har alle pedagogiske leiarar/barnehagelærarar 5 timer plantid kvar. Assistent/fagarbeidar har ein time plantid til rådigheit i veka.


Dokumentasjon av personalets arbeid synliggjer korleis personalet arbeide for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet skal inngå i barnehagens arbeid med å planleggja, vurdera og utvikla den pedagogiske verksemda. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gje foreldra, lokalmiljøet og kommunen som barnehagemyndigkeit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen, og om korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

Rammeplanen s. 39

Vurdering

Vurdering av dei ulike sidene ved arbeidet i barnehagen er avgjerande for at me kan gå vidare og utvikla tilbodet vårt. Vurderinga må gjerast av dei ulike partane i barnehagen, og vurderinga må setja arbeidet vårt opp mot det som vert pålagt i Lov om barnehage og Rammeplan for barnehagen.

Foreldra deltek i vurdering, gjennom daglege samtalar, i foreldresamtalar og på foreldremøte. Barnehagen nyttar Utdanningsdirektoratet si foreldrevurdering som er open i november-desember kvart år. Foreldra svarar digitalt. Resultatet vert presentert for FAU og i Samarbeidsutvalet. Det går ut informasjon til alle foreldra om resultatet. Barna skal få høve til å vurdera og påverka kvardagen sin gjennom føringar i Barns rett til medverknad. Kvasshovden skal ha barnemøte med barna der dei samtalar om både planlegging og vurdering i høve tema og aktivitetar. Me nyttar ulike intervjuverkty. Dei minste barna kan ikkje fortelja om kvardagen sin på same måte, men me observerer dei kvar dag og i nokre øve brukar ein observasjonsskjema. Hardanger/Voss kompetanseregion er også ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen



Dokumentasjon

Barnehagen har årsplan, halvårsrapportar, vekeoppsummering, månadsskriv og vekeplanar/månadsplanar. Alt av informasjon vert sendt ut på Visma til foreldra. Årsplanen er eit arbeidsreiskap for personalet og til informasjon for foreldra.

Det er ei informasjonstavle i gangen på kvar avdeling, der det vert hengt opp diverse informasjon.


Foreldra får tilbod om to foreldresamtalar i løpet av året. I tillegg kan foreldre eller personale be om ekstra foreldresamtale dersom det er aktuelt.

På nokre avdelingar brukar ein dagtavle. Det er ei rekke med bilete eller symbol for aktivitetane som skal skje i løpet av dagen. Barna får då lettare oversikt over dagen sin. Barnehagen jobbar med å implementera teikn til tale inn i barnehagen.

Aktuelle tema og aktivitetar syner att i utstillingar og presentasjonar på avdelingane.

Barnehagen nyttar observasjons/kartleggingsverktyet TRAS i høve barna si generelle språkutvikling i alderen mellom 2-6 år. Barna får kvar sin perm når dei byrjar i barnehagen. Her vert det samla inn minne frå tida i barnehagen som td: bilete og teikningar.

Me prøver å senda ut så lik informasjon fra avdelingane som mogleg. Likevel er det ulik måte barna kommunisera på og difor vert det gjerne meir dokumentasjon frå småbarnsavdelingane enn frå dei andre.



Visma Flyt Barnehage



Visma Min Barnehage-appen er ei teneste der du som føresett enkelt kan kommunisera med din barnehage og enkelt fylgja med på ditt barna sin kvardag i barnehagen.

Med Min Barnehage-appen kan du enkelt:

- Motta og sende meldingar med barnehagen.
- Registrera fråvær ved sjukt barn eller fri.
- Registrera ferie innanfor fristen som står i årsplanen.

(Nb: Godkjend ferie må vera registrert min 3 dagar før, elles er det fri)

- Motta dagbok som fortel om barnet sine små og store opplevingar i barnehagen, i form av tekst og biletetedeling.
- Gjev eller avslå samtykke.

Kort sagt gjer Min Barnehage-appen informasjon lett tilgjengeleg og dialogen mellom foreldre og barnehagen vert enklare og meir effektiv.

Kvar tredje månad må ein logga seg inn på nytt med bank id. Dette får ein pr. dags dato ikkje beskjed om.

NB: Det er svært viktig at alle føresette brukar appen. Det er det viktigaste verktyet me har her i barnehagen og me brukar ikkje lenger mail.

Visma flyt barnehage har ulike funksjonar

Visma flyt tilsett:

- Gjev personalet øvesikt over barn på alle avdelingar.
- Personalet registrerer når barna kjem og når dei vert henta.
- Det vert sendt ut meldingar og orienteringar til foreldra.
- Det vert skrive dagbøker om hendingar og markeringar i barnehagen.
- Det vert lagt inn markering for allergiar og matreservasjoner.
- Ein brukar teljelister når ein er på tur og på uteområdet.
- Det vert brukt sovelister som foreldra også har tilgang til.

Visma flyt barnehage har digitale søknadsskjema ved opptak og endring av barnehageplass.

Foreldre går inn på www.ulvik.kommune.no under barnehage og finn søknad om barnehageplass. Ein loggar inn og sender søknad digitalt. Foreldre går inn på same adresse og svarar på om ein tek i mot plassen eller ikkje innan svarfrist i tilbodsbrev.

Tilvenning/Overgangar

Overgangar i barnehagen:

Ulvik barnehage legg vekt på at barna skal få gode overgangar mellom avdelingane. Både barn, foreldre og personale opplever gjerne overgangen frå småbarn til storbarnsavdeling som ganske stor. På storbarnsavdelinga er gjerne personaltettleiken halvparten så stor som på småbarnsavdeling, og barnet er framleis lite. Personala startar planlegging av overgangen tidleg om våren, men alt er ikkje på plass før fram mot sommaren. Det er viktig at både foreldre og personale gjer denne perioden litt tid til å «gå seg til». Nokre gonger må barn byta avdeling midt i barnehageåret. Planlegging og gjennomføring av ein god overgang er lika viktig elles i året og her er det viktig med god informasjon ut til foreldra.


Samarbeid mellom skule og barnehage:

Ulvik herad har plan for overgang frå barnehage til skule.

«Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggja til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Barnehagen skal tilpassa seg rutiner og organisera tid og

rom slik at barnet får tid til å verta kjend, etablira relasjoner og knyta seg til personalet og til andre barn. Når barnet startar i barnehagen, skal personalet sørja for tett oppfølging den første tida, slik at barna kan oppleva tilhørsle og føle at det er trygt å leike, utforske og lære.»

Rammeplanen s.33



Tilvenning

Ulvik barnehage legg vekt på å gje barn og foreldre ei god tilvenning ved barnehagestart.

Me legg til rette for at barna skal verta tekne imot på ein trygg og god måte.

Barnehagen si anbefaling er at ein brukar minst 3 dagar på tilvenninga, der den fyrste dagen berre er eit besøk saman med foreldra ei kort stund. Dei fyrste dagane i barnehagen bør vera korte, det er lurt å avslutta barnehagedagen før barna syner at «det er nok».

Me tilrår og at barn og foreldre kjem på besøk i barnehagen i forkant av oppstart.

Når me har tilvenning med nye barn, brukar me god tid – den tida som barna treng – på å gjera dei trygge, og ein primærkontakt fylgjer tett barna og foreldra i byrjinga. Me fylgjer dei rutinane barna er vane med i starten, slik at overgangen til «Barnehagelivet» vert så skånsom som mogeleg.

Lika viktig som å gjera barna trygge i nye omgjevnader, er det å gjera foreldra trygge.

VÅR ERFARING: TRYGGE FORELDRE = TRYGGE BARN.

CITTASLOW



Ei Cittaslow-bygd er ei bygd tufta på lokal kultur og historie.

11. april 2015 vart Ulvik herad formelt godkjend som Cittaslow-kommune.

Ulvik herad er den andre Cittaslow-kommunen i Noreg og føyer seg med dette inn i rekka av kommunar i eit internasjonalt nettverk som dekkjer over 30 land og 300 stader.

Godkjenninga inneber å møta kriteria til Cittaslow organisasjonen og er delt inn i hovudtema:

- Energi og miljø
- Levekår
- Landbruk, turisme og handverk
- Gjestfridom, beredskap og infrastruktur
- Sosiale tilhøve
- Partnarskap og Slow Food aktivitetar.

Arbeidet med Cittaslow i Ulvik Herad er forankra i heradstyret, administrasjonen og eit Cittaslow-råd. Rådet vart konstituert i 2016 og er breitt samansett av representantar frå næringsliv, reiseliv, landbruk, kultur, ungdom, lag og organisasjonar, barnehage og skule og andre med relevans for arbeidet.

Cittaslow er ei internasjonal rørsle som oppstod i Italia på slutten av 1990-talet, inspirert av Slow Food-rørsla. Cittaslow legg vekt på å verne om småsamfunn og skape levande, bere-kraftige lokalsamfunn der trivsel, lokalkultur og naturopplevelingar står i sentrum. Rørsla fremjar ein livsstil som tek omsyn til miljøet og oppmodar til å ta det med ro og nyte det lokale. Kommunar som vel å bli ein del av Cittaslow, forpliktar seg til å arbeide med mellom anna berekraftig utvikling, å fremje lokale produsentar, og å sikre gode vilkår for livskvalitet og fellesskap.

For Ulvik herad passar det godt å vere ein Cittaslow-kommune fordi det harmonere med både dei naturlege og kulturelle ressursane som heradet har. Ulvik, med sitt vakre fjord-landskap, fruktbare jordbruksområde og sterke kulturtradisjonar, har alt det som Cittaslow-verdiane fremjar. Med sitt fokus på ro, naturopplevelingar og lokal matproduksjon, særleg epledyrking og siderproduksjon, har Ulvik gode føresetnader for å styrka identiteten sin som ein stad der folk kan bu, leva og vitja i eit tempo tilpassa dei små gledene i kvardagen.

Gjennom Cittaslow-medlemskapet kan Ulvik herad vidareutvikle sitt fokus på lokal mat, kulturarrangement og handverkstradisjonar, og tiltrekka seg besökande som set pris på autentiske opplevelingar og naturbasert reiseliv. Dette kan bidra til auka verdiskaping lokalt og gje eit viktig grunnlag for lokal økonomisk utvikling, utan å gå på kompromiss med miljøet og tradisjonane.

Ved å vere ein Cittaslow-kommune signalisera Ulvik også ei forplikting til å jobbe for berekraftige løysingar innan transport, energi og ressursbruk. Dette gjer at kommunen kan vere ein føregangskommune for andre bygdesamfunn som ønskjer å bygge sterke lokal-samfunn med høg livskvalitet og stor trivsel.

Kropp, rørsle, mat og helse del 1



Tverrfagleg nettverk jobbar med førebygging mot vald og overgrep. Her skal det lagast ein ny handlingsplan og førebyggjande plan. Dette skal settast i samarbeid med BTI.

Ida og Linn frå barnehagen er med i nettverket, saman med kommunalsjef for oppvekst og fleir andre. Dette er ein del av tverrfagleg nettverk Vestland. Ida og Linn fungerer no som barnevernombod i barnehagen og har eit ekstra ordinært ansvar for å sørga for at dette vert kontinuerleg jobba med.

I barnehagen brukar me ulike hjelpemiddel i samtale med barn, desse kan og brukast av foreldra.

- Jegvet.no
- Snakkemedbarn.no
- Grøne tankar-glade barn. Salaby.no
- Samtalebilete (perm)

Gjennom den daglege og nære kontakten med barna er barnehagen i ein sentral posisjon til å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs og livssituasjonen til barna. Personalet skal ha eit bevisst forhold til at barn kan vere utsette for omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep, og dei skal vite korleis dei kan førebyggje og oppdage dette. Personalet skal kjenne til opplysningsplikta til barnevernet, jf. barnehagelova § 46. Rammeplan s. 11

Jeg vet

«Jeg vet» er ein gratis læringsressurs for barnehagar og skular om mobbing, vald, overgrep og barn sine rettar. Innhaldet er knytt til rammeplan for barnehagen og læreplan for skulen. «Jeg vet» er utvikla av Salaby i samarbeid med Redd Barna, på oppdrag frå Barne-, ungdoms- og familiendirektoratet



Snakke med barn

Gratis snakkesimulator der du kan trena deg på samtalar med barn og ungdom om vald, seksuelle overgrep og andre sensitive tema. Skreddarsydd opplegg for dei om jobbar i barnehage og skule, der ein kan øva og reflektera saman.

Samtalebilete og teikningar- Ein veg til kommunikasjon med barn i vanskelege livssituasjoner

Samtalebilete er eit kommunikasjonsverktøy som består av 34 samtalebilete av musa Marius. Det er spørsmål og samtaleguide til kvart bilet, samt ein veiledar som høyrer til.

Samtalebilete og teikningar tek for seg ein metode for å kommunisera med barn i vanskelege livssituasjoner ved hjelp av bilete.

Grøne tankar- glade barn

Grøne tankar - glade barn har til hensikt å stimulera barns tanke - og følelsesbevisstheit. Barns tankar er avgjerande for barnets følelsar, handlingar og utvikling.

Grøne tankar - glade barn kan brukast både i barnehagen og heima. Barn treng hjelp av vaksne for å utvikla sin bevisstheit rundt tankar og følelsar og hjelp til litt etter litt å klara seg godt sjølv.

Tenkebamsane Raud og Grøn skal hjelpe barn til å læra å forhalda seg konstruktivt til sine eigne tankar. Raud symboliserar raudtankar (tankar som skapar vansk) og Grøn symboliserer grøntankar. (tankar som skapar glede, trivsel og trygghet).



August 2025

Velkommen til nytt barnehageår!

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
31			BARNEHAGEN FERIESTENGT		1.	2.	3.
32	4.	5.	6.	7.	8.	9.	10.
33	11. Planleggingsdag Barnehagen stengt	12. Planleggingsdag Barnehagen stengt	13. Planleggingsdag Barnehagen stengt	14. Fyrste dag i nytt barnehageår!	15.	16.	17.
34	18.	19.	20. Barnehageteam	21.	22. Irene 4 år	23. 	24.
35	25. 	26. Personalmøte	27. Amanda 3 år		28.	29.	30. Cittaslow 10 års markering!

Nasjonal lusekampanje

Kropp, rørsle, mat og helse

del 2

Verdensdagen for psykisk helse er 10 oktober.

Det er ein nasjonal befolkningskampanje om psykisk folkehelse, som markerast over heile landet i veke 39-42 kvart år.

I barnehagen jobbar me med det kontinuerleg gjennom året, med særleg vekt på temaet kring desse vekene.

Sju grunnar til å markera verdensdagen for psykisk helse:

- du bidreg til å **auka kunnskap**, forståing og openheit om psykisk helse
- du kan **påverka samfunnsdebatten**
- du er med på å **utfordra stigma** og fordommar
- du skapar **meiningsfulle møter** mellom forskjellege mennesker
- du er med på å **utvida samtalen** om psykisk helse
- du vert **meir bevisst** på å ta vare på eigen psykisk helse
- du bidreg til ein **positiv utvikling** for den psykiske folkehelsa



Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve rørsledele, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og samhandle med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser. Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leike, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medverknad i mat og måltidsaktivitetar skal barna motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

Rammeplanen s.49

Likestilling og likeverd Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

Rammeplan s. 10

September 2025



Skal de ha haustferie?

Hugs å legg det inn i Visma innan 27 september ☺

Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vake 36	1.	2. Jacob 5 år	3.	4.	5.	6.	7.
Vake 37	8.	9.	10.	11.	12.	13.	14. Foreldremøte
Vake 38	15.	16.	17. Barnehageteam	18. Inga 2 år	19.	20.	21.
		Nasjonal brannvernveke 110 – det brenn i eit hull 112 – tjuven må på do 113 – eg har vondt i mitt kne					
Vake 39	22.	23. 	24.	25. Tuva 3 år	26. Svarfrist haustferie 	27.	28.
Vake 40	29.	30. Epledagen Personalmøte					
	Miljøveka						

Kropp, rørsle, mat og helse del 3

Me ynskjer å brukha fysisk fostring, kropp og rørsle i kvardagen i barnehagen, både inne og ute. Inne brukar me dans, song med bevegelsar, hinderløyper, balansemadalor osv.

På småbarnsavdelingane har dei kvar si store madrass, der borna får boltra seg. På dei to store avdelingane er det matter tilgjengeleg, til for eksempel turn.

Ute har me ulike område me bevegar oss på. Borna syklar, sklir på akebrett, og boltrar seg i ulent terren. Dei ulike avdelingane har og faste turdagar der ein beveger seg utanfor barnehagen sitt område.



Turar som vert nytta i nærområder:

- «Lavoskogen» ved miljøstasjonen
- Holmen/ Idrettsbanen
- Fuglekikkarhytta
- Ulike gardar for gardsbesøk
- Eplehagen
- Gauro (prosjekt for Vettane)
- Biblioteket
- Haugesenteret
- Speidarhytta
- Tunheim
- Åsen
- Hjeltnes



Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna

- opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt
- blir kjende med eigne behov, får kjennskap til menneskekroppen og utviklar gode vanar for hygiene og eit variert kosthald
- vidareutviklar motoriske ferdigheiter, kroppskontroll, koordinasjon og fysiske eigenskapar
- opplever å vurdere og mestre risikofylt leik gjennom kroppslege utfordringar
- blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølv og blir kjende med sine eigne kjensler
- set grenser for sin eigen kropp og respekterer andre sine grenser
- får innsikt i kvar maten kjem frå, matproduksjon og vegen frå mat til måltid Rammeplanen s.49 og 50

Rørsleglede handlar mellom anna om motorisk utvikling, sanseopplevelingar og hjerneutvikling. I alt dette ligg det forsking som seier kva kost og ernæring som skal til for ei god allsidig utvikling.



Okttober 2025

Foreldresamtalar



Vewe	Måndag.	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vewe 40			1. Potetdagen 	2.	3. Haustfest	4. Frøy 4 år 	5. Verdas lærardag
Vewe 41	6.  Miljøveka	7.  Haustferie i grunnskulen	8.	9.	10. Verdensdag for psykisk helse	11.	12.
Vewe 42	13.	14.	15. Barnehageteam	16. Refleksdagen	17.	18.	19.
Vewe 43	20.	21.	22.	23. Johanna 3 år 	24. FN-DAGEN 	25.	26.
Vewe 44	27.	28. Personalmøte	29.	30.	31.		

Kropp, rørsle, mat og helse del 4

Måltidet i barnehagen skal vere ein arena som gjev barna ei gryande forståing for å kunne reflektera kritisk kring val av mat og samstundes motiverast til bevisste val kring ei helsefremjande livsstil. Personalet i barnehagen er førebileta for barna. Det er statlege føringar for kva som skal liggja til grunn i t.d. eit sunt og godt måltid. Desse føringane er personalet forplikta til. Det er sjølv sagt slik at personalet aldri seier til eit barn at det i nistepakka er usunt, men barn kan oppleve det slik fordi andre barn kommenterer kva som er sunt eller usunt og i ein slik setting er personalet forplikta til å svare ut om noko er sunt eller usunt, dersom barna spør spesifikt om det. Personalet er gode på å snakke kring t.d. måltid utan at det vert fokusert på einskildbarn. Likevel er det slik at barna sjølve ser samanhengar.

Meir enn 90 % av barna i Noreg går i barnehage, og dei et gjennomsnittleg tre måltid for dagen der. Maten kan vera som nistepakke, barnehagen kan servera alle måltida eller ein kombinasjon av begge desse. Uansett kva matordning ein har så er barnehagen verkeleg ein stad der barna sine matvanar vert utvikla og vidare dannar det grunnlaget for åferd og vanar seinare i livet. Ulvik barnehage held også på ein fast struktur når det gjeld måltida. Då set me alle saman, et maten vår og intensjonen er å skapa eit godt sosialt og inkluderande fellesskap og samstundes gje barna ei gryande forståing av kva kost og ernæring har å seie for ei god allsidig utvikling. Ein stram struktur kring måltida er ein måte å skapa samhald og toleranse på. I tillegg vert det også likt for alle og ein får med seg viktige dugleikar som å venta på tur, namnsetjing av maten, sende og motta, hjelpe seg sjølv og andre, bordskikk, vente med å gå til om lag alle er ferdige osv. Mat er også identitet og kultur.



Ulvik barnehage ynskjer å vera ein pådrivar for mat, helse og fysisk aktivitet i kvardagen. Å vera glad i å røre seg og å bruke kroppen sin aktivt har stor betydning for kvart einskilde barn. Gode vanar dannast allereie i mors liv. Mat saman med aktivitet byggjer menneskje.

Mat og måltid er svært viktig for fysisk, psykisk og sosial sjølvkjensle. Barnas samspel og relasjonar til føresette, personalet i barnehagen og andre barn spelar ei viktig rolle for korleis barnet vert ein del av det nære samfunnet som barnet er ein del av. Mat og sosialt fellesskap er dei viktigaste elementa i eit måltid. Dette gjer at måltidet er ein unik mogelegheit til å utvikle kunnskap om kva mat ein likar, kven ein er; utvikle dugleikar når det gjeld t.d. val av mat, samspel og kommunikasjon.

November 2025



Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vake 44						1.	2.
Vake 45	3. Mäbel 5 år	4.	5.	6.	7. Torjus 2 år Planleggingsdag Barnehagen stengt	8.	9.
Vake 46	10.	11.	12.	13.	14.	15. Jacob 2 år	16.
Vake 47	17.	18. Bo 2 år	19. Kari 5 år	20.	21.	22.	23.
Vake 48	24.	25.	26.	27.	28.	29. Herman 1 år	30.
		Personalmøte					

Kunst, kultur og kreativitet del 1



Gjennom arbeid med kunst, kultur og kreativitet skal barnehagen bidra til at barna

- har tilgang til ting, rom og materiale som støttar opp om dei leikande og estetiske uttrykksformene
 - bruker fantasi, kreativ tenking og skaparglede
 - får arbeide med inntrykk og kjensler i møte med kunst, kultur og estetikk gjennom skapande verksemd ute og inne
 - møter eit mangfald av kunstnariske og kulturelle uttrykksformer og utforskar og deltek i kunst- og kulturopplevingar saman med andre
 - bruker ulike teknikkar, materiale, verktøy og teknologi til å uttrykkje seg estetisk
 - kjenner seg glade og stolte over si eiga kulturelle tilhørsle

Rammeplanen s.5 l



I barnehagen er me opptatt av å bruka ulike material, gjenbruk og så klart dei ulike sansane våre i produksjonen med borna. Det er og prosessen som er det viktigste, ikkje det ferdige resultatet. Me har stort fokus på nærområdet vårt og kultur. Me brukar for eksempel aktivitetar som skjer i bygda til å laga ting. Slik som til for eksempel poesifestivalen, torgdagen osv.

Barnehagedagen er noko me sjølvsagt markerar kvart år i barnehagen. Barnehagedagen vart markert for første gong i 2005. Målet er å synleggjera kvaliteten i norske barnehagar, og kva barna erfarar og opplever i barnehagen. Den vert arrangert i mars, kvart år med eit nytt tema. Her brukar me ulike måtar å markera på, ut i frå alder.

Desember 2025



Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vewe 49	1.	2.	3.	4.	5.	6.	7.
Vewe 49	8.	9.	10.	11.	12.	13. Lucia	14.
Vewe 50	15.	16. Edda 3 år	17.	18.	19. Nissefest	20.	21.
Vewe 51	22.	23.	24. Jolafta Barnehagen stengt	25. Ragnhild 3 år 1.joledag Barnehagen stengt	26. 2.joledag Barnehagen stengt	27.	28.
Vewe 52	29. Barnehagen stengt	30. Barnehagen stengt	31. Nyttårsafta				

Me ynskjer små og store ei retteleg god jol, og alt godt i det nye året!

Kunst, kultur og kreativitet del 2

Gjennom året tek me føre oss ulike tema som:

- Nasjonal brannvernveke der brannførebuande tiltak er i fokus. Me har brannøving og får besök av brannbilen.
- Miljøveker vår og haust. Her har me fokus på sortering av søppel og på våren plukkar me søppel i og rundt barnehagen. Me driv med planting og hausting i eigen kjøkkenhage. I høve miljøveka om hausten bidreg barnehagen nokre gonger med utstilling til torgdagen.
- Kulturveka der me markerar FN-dagen.
- Markering av Samefolkets dag
- Markering av 17.mai
- Markering av regnbogemånad heile juni der fokus er mangfold og filosofi.
- Me samtalar om andre internasjonale dagar og høgtider
- Jolegateåpning. Barnehagen bidreg nokre gonger med utstilling i høve «pepperkakebygda»

I det meste me gjer og markerar brukar me mykje kreativitet i ulike formingsaktivitetar.



Opplevingar med kunst og kultur i barnehagen kan legge grunnlag for tilhøyrsle, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjuping og prosesjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal legge til rette for samhøyrsle og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. Fagområdet tek for seg uttrykksformer som biletkunst og kunsthandverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstnariske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn og ulike tidsepokar. I arbeid med fagområdet skal personalet stimulere nysgjerrigkeit, utvide forståinga deira og bidra til undring, undersøkingar, utprøvingar og eksperimentering. Barnehagen må legge til rette for og vidareutvikle dei kreative prosessane og uttrykka til barna.

Rammeplanen s. 50 og 51



Januar 2026



Skal de ha vinterferie?

Hugs å leggja det inn i Visma innan 30.Januar


Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vewe I				1. Nyttårsdag Barnehagen stengt	2. Fredrik 3 år 	3.	4.
Vewe 2	5.	6.	7.	8. Agnes 6 år 	9.	10.	11. Johanna 2 år 
Vewe 3	12.	13.	14. Barnehageteam	15.	16.	17.	18.
Vewe 4	19.	20.	21.	22.	23.	24.	25. Helene 3 år 
Vewe 5	26.	27. Personalmøte	28.	29. Nora 4 år 	30. Amelia 4 år Svarfrist vinterferie 	31.	

Eventyr

Tradisjonen tru vil me i februar ha eventyr som tema. Det er felles for heile barnehagen. Dette er for å fremja kulturformidling, identitet og mangfald.

På småbarnsavdelingane har me fokus på små og enkle eventyr som er lette for barna å forstå. Me vil formidla enkle eventyr ved hjelp av figurar, dokker, enkel dramatisering og bordspel. Av og til brukar me plakat med illustrasjon frå kvart eventyr som vert hengt opp i gangen på avdelinga. Me har òg ei eventyrkorg, og oppi der er det som skal illustrera eventyret som skal formidlast.

På dei store avdelingane har me gjerne meir fokus på litt lengre, større, og gjerne fleire eventyr. Me dramatiserer, ser på film, les eventyr, diktar eige eventyr, teiknar og brukar konkretar og mykje meir. Barna deltek aktivt og er undrande.



«Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at borna møter eit mangfold av eventyr, forteljingar, segner og utsynsformer. Vidare står det at personalet skal bruke varierte formidlingsformer og tilby eit mangfold av bøker, songar, biletar og utsynsformer.»





Rammeplanen s: 48



Karneval


I Ulvik barnehage ynskjer me å ha fokus på tema under karnevalet som er i februar. Dette fordi me ynskjer å minska kjøpepresset, det er meir berekraftig, og det minskar synleggjering av skilnader. Me ynskjer difor at barna ikkje kjem i kostymer denne dagen. På Kristinuten og Midtfjell har det vore vanleg med pysjparty. Her kjem barn og vaksne kledd i pysjamas. På Kvasshovden og Vassfjøro har det vore ulike tema. Dei kjem tilbake med tema etter kvart.

Februar 2026



Veve	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veve 5							1.
Veve 6	2.	3. Oliva Lovise 4 år William 2 år	4.	5. Sunva 2 år	6. Samefolket sin dag 	7.	8.
Veve 7	9.	10.	11. Ebba 2 år	12.	13.	14.	15. Fastelavn
Veve 8	16.	17.	18.	19.	20.	21. Hans Majestet Kongen 89 år 	22.
Vinterferie i grunnskulen							
Veve 9	23.	24. Personalmøte	25.	26.	27. 	28. Alvhild 5 år 	30

Leik





Mars 2026

Tilbod om
foreldresamtalar

Skal de ha påskeferie?

Hugs å leggja det inn på Visma innan
12.mars!

Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veve 9							I.
Veve 10	2.	3.	4.	5.	6. Brage 5 år Fiskens dag	7.	8. Kvinnedagen
	Nasjonal kampanje mot hovudlus						
Veve 11	9.	10. Barnehage- Dagen!!	11. Barnehageteam	12. Svarfrist påskeferie!	13. Planleggingsdag Barnehagen stengt	14.	15.
Veve 12	16.	17.	18.	19.	20. Ingeborg 3 år	21. Rockesokk	22.
Veve 13	23. Wiktor 4 år	24.	25. Marta 6 år Vaffeldagen	26. 	27. Påskefrukost/ Foreldrekkaffi	28.	29.
Veve 14	30.	31.	Personalmøte				32

Leik



Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast.

Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer leik både ute og inne.

Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.

Rammeplanen s.20

Vaksenrolla i leik: Barn påkallar ofte dei vaksne si merksemd når dei leiker. – Sjå på meg! ropar barnet når det huskar høgt eller kjem i god fart ned ”sklia.” Då er det nettopp det barnet ynskjer: at det skal verta sett og bekrefta av den vaksne. Parallelt med at barna er oppteken av og brukar tid saman med kvarandre i leik, ynskjer dei iblant å involvera vaksne i leiken. Når ein vaksen deltek i leik, vert forholdet mellom den vaksne og barnet for ei stund prega av ein symmetri som er annleis enn i kvardagen elles. Det er også viktig at leiken skjer på barnas premisser og at den vaksne respekterer barnas intensjonar. Den vaksne skal støtte barna i leiken å vera tilgjengeleg til ei kvar tid.

Kjelde: Udir

Å leika er eit mål i seg sjølv.

Barn leikar fordi det er morosamt å leika!

Å leika er ein grunnleggjande rett barna har. «Rett til å leika og rett til nokon å leika med». (Barnekonvensjonen)

Leik er frivillig og har sjølve leikeaktiviteten som hovudmål. Leik er barna si mest typiske uttrykksform.

Leiken skil seg frå all anna verksemd ved at det er ein spontan og skapande prosess som er styrt av barnet sjølv. Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen.

Leiken har mange uttrykksformer og kan føra til forståing og vennskap på tvers av alder og språkleg og kulturell ulikskap. Eit leikefellesskap legg grunnlaget for venskap. Å få delta i leiken og få vene er grunnlaget for at barn trivst og opplever barnehagen som noko meiningsfullt. I samhandling med kvarandre blir grunnlaget for læring og sosial kompetanse lagt. På den andre sida kan makt og utesetting i leiken hindra venskap og gode relasjoner.

Barn lærer og utviklar ein samansett kompetanse gjennom leiken. Ved å «late som» går barn inn i si eiga førestellingsverd, tek perspektivet til andre og gjer form til tankar og kjensler. Gjennom utforsking og samtale om verda og fenomen skaffar dei seg kunnskap og innsikt på mange område. Leik med den fysiske verda både ute og inne inneber utforsking og bearbeiding av inntrykk. I rolleleiken spelar kommunikasjonen ei sentral rolle. Opplevelingar, forteljingar og nye røynsler er med på å gje næring til leik og til å utvikla leiken vidare.



April 2026

Tilbod om
foreldresamtalar



Vewe	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Veve 14			1. ½ dag. Barnehagen stengjer klokka 12.00	2. Skjærtorsdag Barnehagen stengt	3. Langfredag Barnehagen stengt	4. Påskeafta 	5. 1.Påskedag
Veve 15	6. 2.Påskedag Barnehagen stengt	7.	8.	9. Johannes 1 år 	10.	11.	12.
Veve 16	13.	14.	15.	16.	17.	18.	19.
Veve 17	20.	21. Olav 5 år 	22.	23. Håvard 5 år 	24.	25.	26.
Veve 18	27.	28. Personalmøte	29.	30.			

Verdiar

Verdigrunnlaget til barnehagen skal formidlast, praktiserast og opplevast i alle deler av det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Barndommen har ein eigenverdi og barnehagen skal ha ei heilskapelig tilnærming til barna si utvikling.

Å møte individet sitt behov for omsorg, tryggleik, tilhørsle og anerkjenning og sikre at barna får ta del i og medverke i felleskapet, er viktige verdier som skal spieglast i barnehagen. Barnehagen skal fremja demokrati, mangfold, og gjensidig respekt, likestilling, bærekraftig utvikling, livsmeistring og helse.


Rammeplanen s.7

Danning

Rammeplan for barnehagen, innhald og oppgåver slår fast at barnehagen skal fremje danning. I dette ligg mellom anna at barnehagen skal bidra til at barna vert nyfikne til omverda og arbeide for, og legge grunnlaget for at borna utviklar modig, sjølvstendig og ansvarleg deltaking i eit demokratisk fellesskap. Me skal vektlegge samhald og solidaritet, synleggjere og framheva ulikskap og mangfold. Dette inneber mellom anna at barna i barnehagen skal støttast i å uttrykkje sine synspunkt og skape mening i den verda dei er ein del av. Barna skal lyttast til, takast på alvor og oppleve at dei sjølve er viktige for fellesskapen.

Relasjon Vaksne-Barn

- Tid og rom for leiken
- Sjå og anerkjenna kvart enkelt barn
- Gje rom for barns medverknad
- Leggja grunnlaget for ein god dag



Relasjon Tilsette-Foreldre

- Gjensidig respekt
- God og imøtekommande kommunikasjon
- Vera ein inkluderande arena for alle føresette
- Unngå lojalitetskonflikt mellom barnehage/heim

Relasjon Tilsette-Tilsette

- Gjensidig respekt
- Vera lojal og ha ei demokratisk personalgruppa
- Ha eit inkluderande fellesskap
- Fremja likeverd og likestilling
- Vera gode og tydelege rollemodellar

Relasjon Barn-Barn

- Barna er med på å utforma gode reglar for samhandling seg i mellom.



Mai 2026



Hugs å leggja inn
sommarferie i Visma
innan 2.mai.

Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vake 18					1.Mai. Barnehagen stengt	2. Svarfrist. Sommer ferie	3.
Vake 19	4. MILJØVEKA	5.	6.	7.	8.	9.	10.
Vake 20	11.	12. Fredrik 3 år Nynorsk-dagen	13. 	14. Kristi Himmelfartsdag Barnehagen stengt	15. 17.mai markering i barnehagen	16.	17. MAI HIPP HURRA 
Vake 21	18.	19.	20. Barnehageteam	21.	22.	23. Pinseafta	24. 1.Pinsedag
Vake 22	25. 2.Pinsedag Barnehagen Stengt	26. Huda 5 år Personalmøte	27. 	28.	29. Elise 5 år 	30.	31. Jorid 4 år 

Barn sin medverknad

Barna har rett til å få gje utrykk for si meinung om kvardagen i barnehagen. Personalet må leggja til rette for at barna deltek i planlegging og vurdering av aktivitetar. Personalet skal vera medvitne på dei ulike uttrykksmåtane barn har, og leggja til rette for medverknad på måtar som er tilpassa alder, erfaringar og dei føresetnader barna har.

I Ulvik barnehage har Kvasshovden og Vassfjøro samlingar der barna vert tekne med i planlegging og vurdering. Kristinuten og Midtfjell arbeidar meir i høve observasjon av barna sitt kroppsspråk og merkar godt om og når aktivitetar fengjer dei små.

Slike observasjonar er viktige for alle aldersgrupper, og er ein viktig del av personalet sitt grunnlag for planlegging og tilrettelegging av pedagogisk og praktisk arbeid.

Dei eldste barna deltek i barnesamtalar med ein vaksen det siste året i barnehagen.



Barna kan medverka i barnehagekvardagen på ulike måtar i dei sakene dei forstår konsekvensane av val dei gjer.


Personalet er merksame på å ta barna sin medverknad på alvor. Det føreset god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra.

Personalet skal ta utgangspunkt i barna sine erfaringar, interesser og synspunkt og initiativ i det daglege arbeidet i barnehagen og ved val og gjennomføring av aktivitetar. Rammeplan s. 43.



Juni 2026

REGNBOGEMÅNAD
Fokus på mangfold og filosofi

Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vake 23	1.	2.	3.	4. Vetteavslutning	5.	6.	7..
Vake 24	8. Sigurd 4 år	9. 	10. Arthur 3 år	11. 	12.	13.	14..
Vake 25	15.	16.	17.	18.	19.	20.	21..
Vake 26	22. Planleggingsdag Barnehagen stengt	23.	24.	25. Imre 2 år	26. 	27.	28. 
Vake 27	29.	30.					

Sommarferie i grunnskulen

Språkleg kompetanse



Småbarnsalderen er den grunnleggjande perioden for språkutvikling.

Samhandling gjennom kroppsspråk og leik med lydar er ein vesentleg del av måten barnet nærmar seg andre menneske på. At vaksne oppfattar og stadfestar uttrykket til barnet og samtidig set ord på inntrykka og opplevingane, er avgjerande for korleis talespråket utviklar seg vidare.

Morsmålet er viktig for opplevinga av eigen identitet og meistring på mange område. Eit godt utvikla morsmål er ein grunnleggjande føresetnad for den vidare språklege utviklinga, også når det gjeld skriftspråk og leseforståing.

Barnehagen skal om mogleg støtta at barna brukar morsmålet sitt og samtidig arbeida aktivt med å fremje den språklege kompetansen til barna. Samtalar, høgtlesing og varierte aktivitetar er viktig både i barnehagekvardagen og heime.

Barnehagen skal hjelpe barna til å utvikla alle sider ved språket sitt, det verbale og det kroppslege. Me skal leggja til rette for at barna blir kjent med forteljing, bøker, songar og at dei sjølve får utvikla si evne til å uttrykkja seg gjennom språket. Dette fagområdet er gjennomgåande i alle aktivitetar barnehagen har. Barnehagen brukar ulike verkty som: Teikn til tale, Grep om begrep, Bravo, Grøne tankar, glade barn mm.

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Gjennom dialog og samspel skal barna støttast i å kommunisere, medverke, lytte, forstå og skape mening. Barnehagen skal anerkjenne og verdsetje barnas ulike kommunikasjonsuttrykk og språk, medrekna teiknspråk. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og ei heilskapleg språkutvikling

Personalet skal

- anerkjenne og respondere på dei ulike verbale og ikkje-verbale uttrykka til barna og støtte språkutviklinga deira
- stimulere den verbale og ikkje-verbale kommunikasjonen til barna og leggje til rette for at alle barn blir involverte i samspel og samtalar
- sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språk som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler
- vere bevisste på rolla som språkleg førebilete og vere lydhøyre i kommunikasjon med alle barn
- følgje med på kommunikasjonen og språket til barna og fange opp og støtte barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar, er lite språkleg aktive eller har sein språkutvikling
- bidra til at språkleg mangfold blir noko positivt for heile barnegruppa, støtte fleirspråklege barn i å bruke morsmålet sitt og samtidig aktivt fremje og utvikle den norsk-/samiskspråklege kompetansen til barna



Juli 2026

Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vake 27			1.	2.	3	4. Hennar Majestet Dronningen 89år	5.
Vake 28	6.	7. Anna 3 år	8.	9.	10.	11. Réjus 4 år	12.
Vake 29	13. 	14. BARNEHAGEN FERIESTENGT	15. BARNEHAGEN FERIESTENGT	16. Olea 3 år	17. 	18.	19.
Vake 30	20. 	21.	22. BARNEHAGEN FERIESTENGT	23. BARNEHAGEN FERIESTENGT	24. 	25.	26. Sigve 6 år
Vake 31	27. 	28. Laura 6 år	29. BARNEHAGEN FERIESTENGT	30.	31. 		

Trafikktryggleik

Ulvik Herad vart i 2023 godkjend som trafikksikkert herad.

Trafikktryggleik i barnehagen

- Trafikkopplæringa til barnehagen vert integrert som ein del av omsorgs og opplæringsarbeidet og vert nedfelt i årsplanen til barnehagen.
- Dei tilsette i barnehagen kjenner rutinane for handtering av uventa faresituasjonar og hendingar på turar.
- Barnehagen har utarbeidd rutinar for å vareta tryggleiken på turar til fots og med bil eller kollektivtransport.

Rutinar ved inngangsporten til barnehagen

- Det er kun VAKSNE som skal lukka opp og igjen porten. Ingen barn!
- Barna har ikkje lov å klatra på porten.
- Alle må bruk BEGGE låsane på porten.
- Pass på at du ikkje slepp ut andre barn enn ditt eige.

Samarbeid mellom barnehage og heim

- Barnehagen har rutinar for å vareta tryggleiken til barna ved parkeringsplassen og porten til barnehagen. Desse rutinane vert gjennomgått årleg med foreldre og tilsette.
- Barnehagen oppfordrar foreldre til å sikra barna på veg til og frå barnehagen.
- Trafikktryggleik og trafikkopplæring er årlege tema på foreldremøte.

Trafikkopplæring i barnehagen

- Barna lærer trafikkreglane for fotgjengarar.
- Barna lærer å bruk sansane sine i trafikken..
- Barna lærer å bruk bilbelte og refleks





August 2026

VELKOMEN TIL NYTT BARNEHAGEÅR!



Vake	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Laurdag	Sundag
Vake 31			BARNEHAGEN FERIESTENGT			I.	2.
Vake 32	3.	4.	5.	6.	7.	8.	9.
Vake 33	10.	11.	12. Planleggingsdag Barnehagen er stengt	13. Planleggingsdag Barnehagen er Stengt	14. Planleggingsdag Barnehagen er stengt	15.	16.
Vake 34	17. Fyrste barnehagedag i nytt barnehageår	18. Barnehage team	19. Barnehagen er IKKJE HEILT KAN KOMA ENDRINGAR!	20.	21.	22. Irene 5 år	23.
Vake 35	24.	25.	26. 	27. Amanda 4 år	28. 	29.	30.
Vake 36	31.						

